

Os Senioruniversitet

Invitasjon til årsmøte for

Os Senioruniversitet


Måndag 9. februar 2026, ca. kl. 12.15 - 13.00

Oseanasalen etter foredraget

Saker til årsmøtet:

- 1. Godkjenning av møteinnkalling, val av møteleder, referent og 2 medlemmer for signering av referatet**
- 2. Styret si årsmelding for 2025**
- 3. Rekneskap med godkjenning frå revisor**
- 4. Budsjettframlegg**
- 5. Fastsette pris for billetter og semesterkort**
- 6. Val. Alle medlemmer med semesterkort har stemmerett**
- 7. Avslutning**

Styret i Os Senioruniversitet, januar 2026



Os Senioruniversitet

Styret si årsmelding for 2025.

Måndag 12. februar 2025 vart det halde årsmøte i Os Senioruniversitet. 33 medlemmer deltok.

Styret har i arbeidsåret hatt desse medlemmene:

Margrethe Håvarstein (leiar), Asbjørn Eikrem (nestleiar), Ole Lars Strønen (kasserar), styremedlemer: Mette Eliassen, Rune Søreide, Reidun Lekven og Wenche Brunborg.

Valnemd: Per Arne Rød, Karl Johan Kleppe og Liv Lyssand

Revisor: Terje Sørensen

Formål og intensjon for arbeidet vert følgt opp.

Os Senioruniversitet er ein organisasjon som er open for alle - unge og eldre. Formålet er å formidla kunnskap om emne som medlemmene ønskjer å læra meir om i eit sosialt og utviklande fellesskap. Styret ønskjer å gje eit tilbod til dei som er vitelystne, har ønskje om å læra meir og ha gode og interessante opplevingar. Vi legg vekt på forelesingar av høg fagleg kvalitet og ønskjer blant anna å kasta lys over ulike sider av seniorpolitikk, helsespørsmål, samfunnsutvikling, historie og kultur. Det er lagt vekt på breidde og variasjon i programma, og vi prøver å ha eit lokalt tema i kvart semester.


Møter og aktivitet

Styret har hatt 12 styremøte og handsama saker gjennom godt samarbeid og god fordeling av arbeidsoppgåver. Det har også vore gode prosessar i arbeidet med val av tema og foredragshaldarar.

Vi har gjennomført foredrag som oppsett i programmet med 5 møter i kvart semester. I tillegg vart det skipa til tur for påmeldte deltakarar til Øystese/Norheimsund i juni (35 deltakarar) og julelunsj etter møtet vårt i desember (33 deltakarar). Styret har oppsummeringsmøte etter foredraga. Forutan eige program, har alle møta vore annonsert og omtala i Os & Fusaposten, i Oseanaprogrammet og på nettsida vår.

Styret har etter evaluering i møte 06.01.26 konkludert med at vi er nøgde med året som ligg bak oss. Alle forelesarane har vore gode, engasjerte formidlarar som «traff» publikum godt. Styret har lagt vekt på å ikkje velje kontroversielle tema, men har forsøkt å variere programmet med både historie, språk, naturvitskap, etiske og verdiorienterte emne. Mange positive tilbakemeldingar vitnar om at programma har vore av interesse. Det vart framheva at pausane er viktige for mange og at vi som «vertskap» spelar ei viktig rolle når det gjeld å «sjå» den einskilde publikummar. Når det gjeld programmet vidare må vi kanskje bli betre på aktuelle emne som er oppe til debatt tida og det å dekkje lokale emne.

I vårhalvåret hadde vi eit gjennomsnitt på 152 deltakarar pr. møte, medan haustsemesteret syner 225 deltakarar pr. møte. Frammøte 2025 har variert frå 123 til 401 deltakarar.



Os Senioruniversitet

Samanlikna med 2024, hadde vi i gjennomsnitt 17 fleire deltakarar pr. møte i vårsemesteret og med deltakartal på pluss 20 for hausten. Flest deltakarar hadde vi i møte med temaet «Klinkande uklart» ved Linda Eide (401)

Samarbeid med andre

Bjørnafjorden kommune:

Kommunen/kommunetorget hjelper oss med kopiering når det trengs. Kulturkontoret kalla i haust inn til eit fellesmøte for ulike frivillige organisasjonar. Det er sett ned ei gruppe for å arbeide vidare med planar for samarbeid og for å lære av kvarandre.

Loops A/S

Vi nyttar oss av det lokale trykkeriet Loops A/S som gjev god og profesjonell hjelp ved oppsett og trykking.

Andre senioruniversitet :

Alle senioruniversiteta i vårt område samarbeider på ulike felt. Det vert skipa til fellesmøte for alle 17 laga frå Hordaland kvart andre år. Her utvekslar dei ulike styra erfaringar, aktivitetar, diskuterer t.d. honorar for forelesarar mm. Karl Johan Kleppe deltok på forrige møte, då arbeidet med nettside var hovudsak. Karl Johan fekk fullmakt frå styret til å inngå avtale med firmaet Cation A/S frå Os og fekk nettsida vår opp å gå i februar 2025. Etter ein del prøving og feiling, meiner vi at vi har fått til ei ordning som vi håper er funksjonell for våre medlemmer.

Senioruniversiteta har og avtale med Harmonien. Det har blitt ein tradisjon at Bergen Filharmoniske Orkester inviterer til foredrag, lunsj og konsert. I 2025 var det 12 påmelde frå Os Senioruniversitet.

Frivillig arbeid/støtte

Vi rettar stor takk til vår faste referent Lill-Karin Wallem - og til Asbjørn Eikrem som har vore reserve gjennom året. Referata vert publisert i Os & Fusaposten og på nettsida

www.ossenioruniversitet

Vi takkar og våre tolv sponsorar frå næringslivet i Os: Sparebanken Norge, I. Bjørø, Jamax, Jernia, Osøyro bakeri, Vitusapotek, Madam Ane, Os blomsterservice, Instinct, Fargerike Gullsmid Eide og Glad-dansen. Dei har sponsa oss både haust og vår og såleis dekkja kostnadane ved trykking av programmet.

Avtale med Oseana

Leigeavtalen med Oseana kunst - og kultursenter gjeldande frå hausten 2023 vart reforhandla i mars. Leiar og nestleiar deltok i møte med Ole Tobias Lindeberg. Vi vart einig om ein avtale som inneber indeksregulering kvart år så lenge avtalen varer. Avtalen vart gjort gjeldande frå 01.05.25- 01.05.28. Vi har i år ei fast leige på kr. 5200 og betaler kr. 52 pr.



Os Senioruniversitet

deltakar når vi overstig 100 deltakrar. Vi har eit godt og positivt samarbeid og er glade for å kunne tilby både foredragshaldarar og tilhøyrarar flotte lokale og gode tekniske tilhøve i samarbeid med Oseana kunst - og kultursenter.

Økonomi

Økonomien i Os Senioruniversitet er også i år tilfredsstillande og gjev oss handlingsrom. Vi har styrt mot eit budsjett i balanse, med rom for å knytte til oss nokre kjende namn/foredragshaldarar. Vi ser at kostnader på område honorar, leige av lokale og møte ligg over budsjett. Det har samanheng både med reiseutgifter ved foredrag, prisauke og med ny leigeavtale som vart gjort gjeldande frå 01.05.25. I tillegg har vi i år investert ca. kr. 25 000 i opparbeiding av nettsida. Finansieringa er basert på sal av semesterkort og einskildbillettar til møta våre, tilskot frå Folkeakademiet, sponsorinntekter og Grasrotandel. Våren -25 var talet for semesterkort 84, medan det i haustsemesteret vart selt 93 stk. Sal av semesterkort har likevel vore stabilt, medan sal av einskildbillettar varierer etter tema. Kjende namn trekkjer kollegaer frå større område enn Os.

Organisasjonen Os Senioruniversitet

Os Senioruniversitet er registrert i Brønnøysundregisteret. Vi har både bankterminal og Vipps-konto for direkte innbetaling av billett/semesterkort. Vi er også registrert som grasrotmottakar hos Norsk Tipping. Vi er medlem i Folkeakademiet i Bjørnafjorden. Blant anna av sikkerhetsmessige omsyn registrerer vi frammøte ved utdeling av lodd i døra.


Tidlegare registrerte vi e-postadresse for dei som har ønska det. Erfaringa vår var at vi i mindre grad enn forventa nådde ut med informasjon til medlemmene via e-post. Med denne erfaringa som bakteppe, og at systemet med felles heimeside gjekk ned, vedtok styret å utarbeide ny heimeside for Os Senioruniversitet.

Heimesida har nå vore i funksjon frå medio februar 2025. Vi ser at brukarsnittet framleis er forholdsvis lågt, men håper på fleire brukarar når dette går seg til. I alle høve er det enklare å finne - og å formidle informasjon. Det er også oppretta ei gruppe på Facebook for å nå ut til fleire.

Ved innkjøp av PC hausten -23 har vi oppnådd intensjonen om å få til eit ryddig og praktisk arbeid som gjer det enkelt å samordne arbeidet. Maskinen vert pr. i dag disponert av kasserar. Intensjonen er at heile styret skal kunne nytte seg av maskinen ved behov. På denne måten ønskjer vi å sikre Os Senioruniversitet sin historie, oppretthalde kontinuitet i arbeidet og gjere arbeidet lettare ved overgang til nye medlemmer i styret. Det er og særskilt viktig at vi har PC til disposisjon ved foredrag der foredragshaldar ikkje har med eigen PC.

Framlegg til styret 14.01.26

Margrethe Håvarstein



Os Senioruniversitet

Gjennomførte program 2025

Våren 2025

- 13.01. Lars Kristian Strønen: Godt vaksne på Interrail (138)
- 10.02. Sjur Lothe: Helge Ingstad og Grønland (135)
- 10.03. Torbjørn Færøvik: Eventyrlege India – frå fattig til rik (148)
- 07.04. Per Brodal: Den aldrande hjernen og læring (212)
- 05.05. Steinar Birkeland: «De siste dødsdømte». (127)
- 02.06. Sommartur til Øystese og Norheimsund. (35)

Hausten 2025

- 25.08. Halvor Folgerø: Ferjefolket (255)
- 22.09. Anita Østerbø: Skammens mødre (239)
- 20.10. Kjellmar Oksavik: Nordlys og Polarlys (105)
- 17.11. Linda Eide: «Klinkande uklart» (401)
- 08.12. Espen Gamlund: Kunsten å moralisere (123)
- 08.12. Julelunsj (33)

Sak 5. Fastsette pris for billetter og semesterkort

Gjennomgang av rekneskap/budsjett og at vi har eit gjennomsnittleg aukande deltakartal ved møta våre, gjer at vi gjer framlegg om at noverande satsar vert oppretthaldne.

Framlegg til vedtak: Billettprisane vert kr 150 for einskildebilletter og kr 450 for semesterkort som vedtatt i årsmøte 2024.